

Nr. 1-2016, årgang 51.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådalen, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Biskop Stein Reinertsen vitja Kviteseid skule mens han var på visitas i slutten av januar.

Side 4: Les meir om biskopen i Kviteseid.  
Side 10: Bli kjent med den nye kyrkjeverja.

# Kyrkjetrappa

Kyrjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Kristen Salmelid  
Kyrkjeverje  
Kontor tlf. 35068131  
Mobil tlf. 97047860  
kyrkjeverge.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



Torstein Eidem Nordal  
Sokneprest i Kviteseid og  
Brunkeberg  
Kontor tlf. 35 06 81 32  
sokneprest.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



Hallvard Nordbø Jørgensen  
Sokneprest i Vrådal,  
Fjågesund og Kilen  
Kontor tlf. 35 06 81 29  
Mobil tlf. 95 92 29 84  
sokneprest.vradal@  
kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn  
Organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48  
kantor.kviteseid@  
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48  
kyrkjetenar@  
kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland  
Kyrkjelydssekretær  
Kontor tlf. 35 06 81 28  
post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80  
eilever@online.no

## Om bladet

Ansvarleg redaktør:  
Hallvard N. Jørgensen

Framsidedfoto:  
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit  
og Niklas Karlsen  
Passfoto: Kurt Nødland  
Utforming: Niklas Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS  
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:  
Kyrkjeblad for Kviteseid,  
3850 Kviteseid  
Kontonr. 2660 10 30615



## Jeg leder dem med trøst

*Andaktshaldar i dette nummeret av kyrkjebladet er Solvor Lauritzen. Ho har vore elev og lærar på Kvitsund gymnas, og elsker Kviteseid. Ho arbeider no på Menighetsfakultetet, og forskar på utdanning for Rom i Romania.*

- På mandag fikk jeg være med på noe stort. Jeg pakket skolesekker. Nå høres dette kanskje ikke så ekstraordinært ut. Det er jo en hverdagsaktivitet. Men disse skolesekkene var på ingen måte fylt av hverdag.

For ett år siden møtte jeg Meli. Hun er en sånn person som utstråler varme og trygghet. Hun er lett å bli glad i. Fordi Meli er født i utlandet, og foreldrene fremdeles bor der, har ikke Meli fødselsattest. Det betyr blant annet at hun ikke finnes i folketellinger og statistikker. Og at hun ikke har hatt rett til å begynne på vanlig skole.

Da jeg møtte Meli for første gang, fikk jeg være med å lære henne bokstavene. Og tallene. Da var Meli 11 år. Nå er hun 12, og kan skrive fulle setninger og regne med både pluss og minus.

Og sist mandag fikk jeg altså pakke skolesekken til Meli, og til 11 andre barn. Kladdebøker, fargeblyanter, kulepennner, en kjærlighet på pinne. De skal på en skole som heter second-chance, andre-sjansse. En skole for barn som aldri fikk sin første sjansse, eller som av ulike årsaker ikke greide å benytte seg av den.

Da jeg på mandag pakket Meli sin skolesekk sang jeg velsignelsen. Den veldig enkle handlingen spilte nemlig på noen strenger dypt inni meg. Det hele minnet meg om vår. Det minnet meg om påske. For hvem av oss har vel ikke hatt behov for en ny sjansse? Og hvor godt har det vel ikke føltes de gangene vi har fått det?

På fredag begynte Meli på skole. Med nypakket skolesekk. Samtidig melder våren sin ankomst. Med lys og varme. Og Kristus står opp. Med løfte om nye sjanser. For alle mennesker.

*De kommer med gråt,  
jeg leder dem med trøst.  
Jeg fører dem til rennende bekker,  
på jevn vei der de ikke snubler.  
Jer 31,9*



*Biskop Stein Reinertsen, Ingar Hovda og prost Asgeir Sæle.*

## Visitaforedrag ved visitasen Kviteseid sokn 26. til 31. januar 2016

I januar var biskop i Agder og Telemark, Stein Reinertsen, på visitas i Kviteseid kommune. Med seg hadde han diakonirådgjevar Erling Jakobsen. Andre som deltok på heile eller delar av visitasen var prost Asgeir Sele, kyrkeverje Olav Nordskog, sokneprest Torstein Nordal, sokneprest Hallvard Jørgensen, kyrkjetenar Håkon Heggveit, kyrkjetenar Jan Gunnar Haugen, sekretær Svanhild

Fidjeland, organist Dagfinn Køhn og prostidiakon Eilev Erikstein. Vi trykker her ein forkorta versjon av det avsluttande visitaforedraget som Reinertsen heldt i Kviteseid kyrkje søndag 31. januar.

### VISITASPROGRAM OG GJENNOMFØRING

Visitasen starta tysdag morgon med eit møte mellom biskopen og staben ved kyrkjekontoret i

Kviteseid. Her blei programmet på visitasen gått gjennom i eit møte med ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann og einingsleiarar for skule og helse. Her fekk me stadfest at det er gode relasjonar og godt samarbeid mellom kyrkja og kommunen.

På Straumsnes oppvekstsenter møtte biskopen 1.-4. klasse inne i klasserommet og etter det 5.-7. klasse i bålhytta. I bålhytta vart det og tid til grillpølse og brød. Under omvisning i Næringshagen møtte biskopen eit spanande prosjekt som vart presentert av dagleg leiar Svein Foldøy. Etter det vart det tid til omvisning og vitjing av ei av verksemdene som held til i bygget, NC Spectrum.

Etter middag på Skieventyret og ei omvisning der, gjekk turen til øvinga til Kviteseid Soul Children, i Kviteseidhallen. Her fekk biskopen høyre på to songar og fekk gje ei helsing til dei etter at soknepresten hadde andakt.

Tysdagen vert avslutta med eit evangelisk møte på Misjonshuset der biskopen tala med fokus på kjenneteikna på den gode medarbeidar. Her vart det også gjeve mogelegheit til å stille biskopen spørsmål.

Onsdag 27. januar byrja med at biskopen vitja Vest-Telemark blad. Redaktør Øystein Øygarden

informerte om arbeidet og organiseringa av verksemda. Me fekk omvisning i lokala og fekk informasjon om tenkinga rundt det å vere ei lokalavis for heile Vest-Telemark. Det vart og ein god prat rundt relasjonane mellom kyrkja og VTB.

Biskopen deltok på formiddagstreff på Misjonshuset i Kviteseid. Her vart biskopen intervjuet av prostidiakonen og fekk eit par flotte heimestrikka sokker i gåve av Else Ibrekk. Biskopen fekk besøke Kviteseid ungdomsskule og fekk møte 10. klasse ved skulen. Biskopen er imponert over møta med elevar på visitasen. Djupe og viktige spørsmål, kloke og gode barn og ungdommar.

Det var og tid til ein samtale med lærarane på skulen. Her samtala vi mellom anna om kor viktig det er å ha eit formelt og avtalt samarbeid mellom kyrkje og skule. Biskopen møtte konfirmantane denne kvelden og fekk delta på ein del av undervisninga dei hadde.

Biskopen deltok på soknerådsmøte, og fekk delta i samtalen om dei sakene dei skulle handsame. Mellom sakene var arbeid med ny visjon og strategi i arbeidet i kyrkjelyden som er viktig med tanke på at heile Kviteseid nå er eitt sokn. Desse første åra etter samanslåinga av sokna er viktige

for at ein skal kjenne seg som éin kyrkjelyd.

Kvelden vart avslutta med kveldsbøn i Kviteseid kyrkje. Her fekk biskopen møte noko av den gode liturgiske tradisjonen i kyrkjelyden under leiing av den trufaste og dyktige organist Dagfinn.

Torsdag 27. januar på formiddagen fekk biskopen høve til å møte både elevar og lærarar på Kvitsund gymnas. Der fekk biskopen og halde eit foredrag for alle elevane om menneskeverd. Biskopen fekk mange gode og vanskelege spørsmål frå elevane i etterkant av foredraget, og dei kom både munnleg og via SMS.

Biskopen var med på fagseminar på Kviteseid omsorgssenter KOS om menneskeretten me har til å bli ivareteke som eit truande menneskje medan me er i offentleg omsorg. Etter dette fekk biskopen vere med på andakt på Lundenjordet og fekk treffe dei som budde der.

På Straand Hotel fekk biskopen møte igjen fleire av asylsøkarane, gjestane som budde i Vrådalen i haust, saman med frivilljuge og nokre av dei som var tilsette på mottaket. Asylsøkarane bur no på asylmottak ved Arendal, men saknar Vrådalen og kjenner det som

dei har fått ein heim og gode vener i Vrådalen. Eit sterkt og flott møte som viser eit godt eksempel på korleis integrering kan fungere på det aller beste på små stader.

Kvelden vart avslutta med musikkandakt med fullt trøkk i Vrådalen kyrkje der Hallvard Jørgensen var liturg og song og spelte med bandet Veslehøtt.

Biskopen har også på desse dagane hatt tid til mat, samtaler med dei to sokneprestane samt fleire av dei tilsette i kyrkjeleg felleusråd, og skulelagsdiakon Reidun Nødland ved Kvitsund gymnas.

Biskopen har fått møte eit Kviteseid sokn som er rikt på ressursar, tradisjon, musikkliv og samarbeid med andre organisasjonar og kyrkjesamfunn. Møter med gode menneske, frivilligheit og samarbeidsånd. Det har vore nokre flotte dagar.

**Biskopen vil kome med nokre oppfordringar til kyrkjelydane om kva de bør arbeide vidare med.**

Det blir sokneråd, stab og prost som får ansvar med å følgje opp. Utgangspunktet er godt, og oppfordringa blir å halde fram med og vidareutvikle det de allereie held på med.

## 1. Den store "Vi-kjensla"

Frå 1. januar i år, er alle sokna slått saman til eit sogn. Det gir store moglegheiter, samstundes er det ei utfordring å skape den store "Vi-følelsen". De er godt igang med arbeidet med ein visjon. Fortsett dette arbeidet, slik at de kan stå saman om eit felles mål.

## 2. Trusopplæring

For at ikkje den kristne kunnskapen skal bli borte hos oss, må kyrkjelydane arbeide med trusopplæring til barn og unge. Skal me lukkast i dette arbeidet, må heile kyrkjelyden, tilsette og frivillige, vere med i undervisning av, og omsorg for alle våre døypte.

## 3. Skule - kyrkje samarbeid

I møtet med skulen merka eg at det har vore, og er, eit nært og godt samarbeid mellom kyrkja og skulen. Eg utfordrar skulen si leiing, dei tilsette i kyrkjelyden og soknerådet til å utarbeide ein plan for skule/kyrkje-samarbeidet.

## 4. Diakoni

Biskopen vil understreke at det er viktig å vere ei diakonal kyrkje. Diakoni handlar om vårt truverde. Vi må heile tida ha eit auge for dei som av ulike grunnar fell utanfor. Eg er glad for det diakonale arbeidet de gjer, og arbeidet som diakoniutvalet i Kviteseid gjer.



*Biskopen besøker Straumsnes skule.*

## 5. Nye landsmenn - kjelde til vinning for kyrkjelydane

De har hatt fleire asylmottak i kommunen, og i tillegg har kommunen vedteke å busetje fleire asylsøkarar dette året. Nye landsmenn er ei vinning både for kommunen og kyrkjelyden. Samstundes er det viktig at dei vert inkludert i fellesskapa våre, både med venskap og deltaking i gudstenesteliv.

### Til slutt

Eg drar frå visitasen i Kviteseid sokn fylt med takksemnd.

Eg helsar dykk med Paulus ord til kyrkjelyden i Tessaloniki:

«Vi takkar alltid Gud for dykk alle når vi nemner dykk i bønene våre.

For vår Gud og Fars andlet hugsar vi stadig korleis trua dykkar viser seg i gjerning, kjærleiken i arbeid og vona til vår Herre Jesus Kristus i tolmod» (1.Tess.1.2-3)

Agder og Telemark bispestol 31. jan  
2016 Stein Reinertsen, biskop



*Biletet er frå ein av turane våre i Sondre-stoga på Øverbø i Morgedal.*

## I teneste for medmenneske

**Tone Syftestad har alltid jobba med menneske. Ho har vore sjølvstendig næringsdrivande og har bakgrunn i praktisk og pedagogisk utdanning. Dei siste fem åra har ho hatt sitt arbeidsfelt innan ei arbeids- og inkluderingsbedrift i**

**Vestfold. I august 2015 flytta ho heimatt til Kviteseid og har no hatt viktige oppgåver i bygdemiljøet.**

*Fortel litt om arbeidet i Vestfold.*  
- Fokuset i arbeidet mitt var å kartlegge, støtte og gje rettleiing til

menneske som trong hjelp i høve til arbeid, utdanning og grunnleggjande livsmeistring. Eg var knytt til eit team som m.a. skulle fylgje opp ungevaksne som trong ein ny start. Det var også ein del av våre nye landsmenn i denne gruppa. Gjennom dette arbeidet blei eg kjend med ulike kulturar. Eg såg kor viktig det er å høyre til eit trygt og godt fellesskap, ha noko å gå til anten det gjeld arbeid eller aktivitet.

Tone fortel vidare at ho er friluftsmenneske og likar å være engasjert. Difor var det naturleg for henne å kome i kontakt med dei to asylmottaka som vart oppretta i Kviteseid siste haust. Ho kunne gje unge og eldre høve til aktivitet og oppleving av den norske turtradisjonen.

*Korleis har det vore å kome inn i asylant-arbeidet i kommunen?*

- I august 2015 flytta eg altså tilbake til Kviteseid. Eg var lei av pendlinga mellom Telemark og Vestfold. Vår yngste son flytta på hybel, og vi følte tida var inne for å flytte heimatt. Eg tok kontakt med dåverande ordførar Torstein Tveito for å høyre om kommunen hadde konkrete planer i høve til flykningoppgåver og asylantkrise. Eg melde meg som frivillig, om det skulle være behov for det. Dette førte til at eg vart engasjert som turleiar i regi av Kviteseid turlag.

Gjennom dette arbeidet har eg hatt mange fine møte med asylantar både i Vrådalen og Morgedal. Eg har også hatt eit kort engasjement som grunnskulelærer for asylantborn på Straumsnes og Brunkeberg skule. På denne måten har eg fått gleda av å bli kjend med mange nye personar, små og store. Opplevd korleis dei har draumar om ei ny, trygg framtid i vårt land.

*Kva tenkjer du om den konkrete asylsituasjonen i Noreg no?*

- Staten bør få på plass ekstra ressursar, slik at behandlingstida kan kortast ned. Det er alt for mange som går og ventar på vurdering. Dei må vente så lenge at det kan gå på helsa laus. Då vil det ta endå lenger tid med integrering. For desse personane som har vore på flukt, er livet tøft nok som det er. Ei tidlig avklaring i høve til plassering og eventuell bustad for framtida vil være det beste for alle partar.

*Kva mål og ambisjonar bør vi ha for hjelp og friviljuge innsats i framtida?*

- Eg ser det slik, seier Tone. - Målet er enkelt. Det handlar om å vere eit medmenneske for personar som er inne i ei veldig vanskeleg og tung tid. Strekke ut ei hand og vise at me bryr oss. Eg trur mange fleire ønskjer å vere med å bidra med friviljug arbeid og innsats, men dei er litt usikre og kanskje litt redde i

ein ny og krevjande situasjon. Det forstår eg godt.

*Er det for mange kritiske røyster?*

– Eg opplever at dei som har sterke, kritiske røyster ofte er slike som ikkje har så god kjennskap til asylantar eller flyktingar. Dei baserer sine uttalar eller skrivi på det dei les og høyrer frå andre. Mitt ønskje er: Ta kontakt med nokon som no er asylantar eller flyktingar. Det er ei viktig teneste, og eg kan garantere at du får mykje positivt tilbake.

*Korleis er situasjonen i Vrådal, Morgedal og Kviteseid i dag?*

- I Vrådal har dei avvikla mottaket, og i Morgedal held dei fram ein kort periode til. Så no blir det snart stille i dei små bygdene igjen. Kviteseid kommune har gjort vedtak om å ta i mot 10 flykningar for permanent busetjing i 2016. Då vil det kome familiar eller einslege. Dei skal starte sitt nye liv og virke saman med oss som bur her i kommunen. Me kan ikkje gjere alt. Men viss me alle gjer litt, vil det bety svært mykje for framtida til den enkelte. Eit smil og eit lite «velkomen til Kviteseid» kan vere ein god start.

Olav Mosdøl

## Kyrkjeverje med rik kulturell ballast

**Kyrkjebladet møter den nye kyrkjeverja i Kviteseid, Kristen Salmelid, på kontoret for eit intervju. Vi bed han fyrst om å fortelje noko om sin bakgrunn og oppvekst:**

- Eg vart fødd i Etiopia i 1963 der foreldra mine var misjonærar, -som den mellomste av fem brør. 11 av mine 13 fyrste leveår hadde eg i Etiopia, seks av desse åra på internatskule. Det var slik ein gjorde det den gongen. Det vart verre kvar gong eg måtte seie farvel til foreldra mine. Det var ikkje greitt, men eg må likevel seie at eg hadde ein god oppvekst. Vi syskena tok også godt vare på kvarandre.

Seinare har eg hatt mange gode møte med dei eg vaks opp med, der vi har tala saman om korleis vi hadde det i oppveksten.

*Det var ein spesiell oppvekst du hadde; korleis opplever du at denne har prega deg seinare?*

- Etter ungdomsskule gjekk eg vidare til Tryggheim Folkehøgskule og til Kvitsund Gymnas. Då var det heilt naturleg for meg å bu i lag med dei eg gjekk på skule med, i staden for å bu heime. På Tryggheim hadde eg for øvrig ein lærar som de vil kjenne. Han flytta til Kvitsund samstundes som meg - eg som elev og han som lærar. Men no har eg vorte sjefen hans; eg talar

sjølvsgat om organisten Dagfinn Køhn.

Det gjekk elles mange år oppover i vaksen alder før eg kjente meg heilt norsk. Eg har dei norske kulturelle referansane, og dei etiopiske, men også blandinga av dei. Så eg forstår særleg godt dei som har vakse opp på liknande vis som meg, som misjonærborn. Vi har liksom same hjartespråket når vi møtast, dei same kjende referansane. Eg trur at dei som har vakse opp på ambassade, eller til dømes som born av forretningsfolk i utlandet, også vil kjenne seg att i dette. Og det er noko som sit i oss heile livet. I fagkrinsar omtalar ein dette som "third cultural kids".

Særleg då eg var yngre, kjente eg meg nok rotlaus; eg visste ikkje heilt kvar eg kom frå. Eg har flytta 25 gonger i livet, og det har prega meg, på både godt og vondt. Eg har fått med meg mykje ulikt av kultur og opplevingar, som har gjort livet mitt rikt. Dette er eg veldig glad for, eg ville på ein måte ikkje hatt det annleis. Samstundes var det ikkje berre fordelar ved det å flytte så mykje - det blir til dømes vanskelegare å knyte venskapsband, framleis den dag i dag.

*Kvar gjekk vegen etter fullført vidaregåande skule?*

- Etter Kvitsund, var eg eit år i



Foto: Privat

*Her er Kristen ca 4 år gamal og kontrollerer tørking av kaffibæra.*

militæret, og så eit år med radiojournalistikk på Gimlekollen i Kristiansand. Der traff eg også Elin som eg no snart har vore gift med i 30 år. Vi arbeidde begge ein tid i nærradio, og vi tok utdanning etter at vi var gift; ho på lærarskulen og eg på teknisk fagskule i Stavanger. Eg er elektroteknikar, men har aldri arbeidd som det.

I 1991 reise vi ut som misjonærar til Etiopia for Norsk Luthersk Misjonssamband. Der vart vi til saman i 7 år, over to periodar. Arbeidet mitt vart fyrste periode mest praktisk med bygnings- og rehabiliteringsarbeid. På kveldstid var eg noko med lokale evangelistar ut til landsbyar i nærleiken med

Guds ord der det ikkje var kjent. Den andre perioden vart eg administrativ rådgjevar på eit synodekontor til den etiopiske kyrkja "Mekane Yesus." Elin vart etterkvart heimelærer for våre eigne born, i samarbeid med Den norske skulen i Addis Abeba.

Da vi i år 2000 kom attende i Noreg, hadde vi fått fire born: Marie (f.1989), Harald (1992), Andreas (1994) og Gunnar (1998). Vi busette oss da i Leirfjord i Nordland, der eg mellom anna arbeidde med flyktningar i 5 år. Her kom min afrikanske og multikulturelle bakgrunn godt til nytte. Så gjekk turen vidare til Kvitsund i 2006, der eg fyrst arbeidde som vaktmeister, og etter eit år som administrasjonsleiar.

Elin og eg ynskjer å bli verande her i Kviteseid, særleg av omsyn til borna våre for at dei skal få ein stad å kome heim til og føle seg heime. Det er også ei viktig årsak til at vi no byggjer hus på Midtsundtoppen i Kviteseid. Vi ynskjer å slå røter her, både på staden og blant befolkninga. Kviteseid er ein veldig grei plass å bu. Vi trivest her.

*Kan du fortelje oss noko om bakgrunnen for at du søkte stillinga som kyrkjevevjerje?*

- Det er litt ulike grunnar til at eg søkte stillinga. Eg hadde det bra på Kvitsund, med mange gode

kollegaer, så eg er glad eg har ein liten stilling der framleis. Samstundes har eg trivdest i kyrkja, og kjent dette som ein "andeleg heim". Så er det kanskje den uønska trongen til endring i livet som melde seg. Eg trivest med administrasjonsarbeid, og kunne kanskje på sikt tekt meg ein slik oppgåve i kyrkja. Men så vart eg oppmoda til å søkje av ein i kyrkja, og gjorde det, under tvil. No er eg her, og trur eg at eg kan gjere nytte for meg, anten det gjeld å ta vare på eigedomar og kyrkjebygg, vere arbeidsgjevar, samarbeide med kommunen, eller vere ei støttespelar for prestane.

Til slutt vil eg seie at eg har respekt for oppgåva mi. Eg skal ivareta ting av stor kulturell og historisk verdi, som til dømes gamlekyrkja i Kviteseid. Og kyrkja skal møte mange menneske i store og viktige livsfasar. Eg ynskjer å gjere ein god jobb med dei oppgåvene eg er sett til. Eg ser fram til godt samarbeid med kyrkjestab, kommune og frivillige. Så lever vi i ei tid med store reformer i både kyrkje og kommune, så det blir nok også mykje spennande som skjer framover.

# Gåver til kyrkjebladet

N.N. 200,-; Anne Berit Jesgars 200,-; N.N. 200,-; R. og K. Torsdalen 200,-; Anlaug Groven 200,-; Magne Olav Djuve 200,-; O. Noraberg 500,-; S. og O. Vesterdal 500,-; M. og J. Rogdaberg 300,-; Bjarne Haugan 200,-; Kristine Aabø 300,-; Jon Inge Findreng 300,-; Kjell Arne Norum 150,-; Neri Hovden 200,-; Bodil og Egil Halsvik 200,-; Gudrun Helene Sanden 200,-; Solveig Lilly Dale 100,-; Gunhild Gundersen 200,-; Åsmund Høydal 200,-; G. og T. Nordbø 300,-; Aslaug Askjer Vindal 100,-; Bodil Hauge 100,-; Ingar Hovda 200,-; Jenny og Halvard Hovden 200,-; Olaug Røise 300,-; Gunda Aabø 300,-; Olav Kvålseth 400,-; Torhild Nyland 150,-; Gerd Signe Bakken 150,-; Jon Kjell Myrland 200,-; Toralf Haugan 200,-; Mary Opsund 200,-; Hans Ruud 200,-; Olav Fjalestad 200,-; Karin M. Dalen Thorbjør 200,-; Karin Haugan/ Jon Veierud 200,-; Bent Grestad 300,-; Rikard Berge 300,-; Inger Moen 200,-; Klara Dalen 300,-; Gunleik Halvard Verstod 150,-; Mari og Knut Gjersund 200,-; Arne Heimdal 200,-; Signe Ninni Nordnes 200,-; Hilda M. Lundeberg 200,-; Anlaug og Tarjei Kråkenes 500,-; Gunhild Bjørnson Berger 100,-; Gudny Moen 150,-; Audhild Hustveit 200,-; Kristine Haugen 300,-; Gunn Eilefsen 200,-; Agnes Kleiv 200,-; Inga Sandland 150,-; Anna Berge 200,-; Liv og Ferdinand Kveven 250,-; Anna S. Hauge 150,-; Harald Borgejordet 200,-; G. Breidalen 200,-; Guro Kjeldal 300,-; Guttorm

Moen 200,-; Hege Jønholt 200,-; Gunnvor Mandt 300,-; Hadle Hovda 200,-; Anne Hege Stavenes 200,-; Oddvin Johannes Haugen 200,-; Kjellaug og Per Arne Strandkås 200,-; Kirsti Skarprud og Håkon Heggveit 300,-; Sveinung Groven 200,-; Svanaug Turine Johansen 300,-; Astrid og Hans Woldstad 300,-; Birgit Tveit 100,-; N.N. 200,-; Gunhild og Johan Berntsen 400,-; Arnhild Hauge 200,-; Ordny A. Lehn 200,-; Kate Lønnegraff 100,-; Aslak Holte 200,-; Ragnhild Midtbø 200,-; Bjørg Gudveig Ståland 200,-; Anne Håtveit 200,-; Astrid og Kåre Hafskjold 200,-; Ingebjørg Marie Øvrebø 200,-; Solveig Kari Breidalen 300,-; Ingebjørg Lovise Lundeberg 200,-; Ingebjørg og Johan T. Straand 300,-; Olav Bråtveit Holm 200,-; Fam. Tarjei Gjelstad 300,-; Gerd Signe Bakken 300,-; Sidsel og Edvard Evja 200,-; Bjørg Nordlien 100,-; Nils Ettetstad og Kristi Skare 200,-; Gudrun Haugan 200,-; Aslak Aanund Aabø 200,-; Else Ibrekke 200,-; U. og A. Reinskås 200,-; Tove Midtbøen 250,-; Gunn Elisabeth Strand 100,-; Eli Findreng Hansen 500,-; Randi Enger Bråthen 200,-; Aud Guttormsen 200,-; Aasmund Kleiv 200,-; Olav Nordskog 300,-; Margrete Sofie Groven 200,-; Gunbjørg Fundli 100,-; Emma Norbjørg Omland 200,-; Sigrid Stråndi Slette-meås 500,-; A. og A. Tormodsvik 250,-; Alv Suvatne 200,-; John Bernhard Kittilsen 200,-; Herdis og Øyvind Jørgensen 300,-; Kurt Nødland 222,-



## Døypte

Vrådal: Ada Engvoldsen.

Kviteseid: Edvin Liodden Sørbø.

Brunkeberg: Ørjan Ståland Kåsin.

## Gravlagde

Vrådal: Halvor Lind Kråkenes.  
Signe Wraa Hauglid.  
Sigrid Hauge.

Kviteseid: Svein Brekke.  
Kristine Haugen.

Brunkeberg: Marie Groven.  
Johannes Eilef  
Lundeberg.  
Toralf Bjåland.

(fort. frå s. 16)

**Sun. 22. Treeiningssundag Luk 24,45-48**  
Brunkeberg kl.11. Konfirmasjon. Ofr.  
Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.  
Fjågesund kl.11. Konfirmasjon.  
Ofr. Sjømannskyrkja.

**Sun. 29. 2. s. i treeiningstida Joh 3,1-13**  
Kviteseid kl.11. Sundagsskule. Ofr. KIA.

## JUNI

**Sun. 5. 3. s. i treeiningstida Mark 10,13-16**  
Vrådal kl.11. Ofr. IKO - Institutt for kristen oppseding

**Sun. 12. 4. s. i treeiningstida Matt 9,35-38**  
Kviteseid gamle kl.11. Ofr. Kvitsund gymnas.  
Opning av bygdetunet.

*Meir himmel på jorda*

# Oppslagstavla

## Konsertar

Fredag 8.april kjem Maria Arredondo og Torstein Sødal til Kviteseid. Dei held konsert saman med Seljord Songlag i Kviteseid kyrkje kl.19.

Sundag 26.juni kl. 19.30 blir det konsert i Kviteseid kyrkje med Operagutta, som også har hatt konsertar i Kviteseid før.

Vi trur dette blir veldig fine konsertar, som vi håpar mange har høve til å kome på.

## Visitasmelding

Visitasmeldinga som vart skrive i høve bispevisitasen i januar kan lesast på nettstaden til Kviteseid kommune:

<http://www.kviteseid.kommune.no>

Sjå under Kyrkja i Kviteseid i venstremargen på sida, deretter Visitasmelding. Her kan du lese om arbeidet i kyrkjelyden sidan sist visitas, og om kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen.

## Prestesituasjonen i Kviteseid

Sokneprest Torstein Nordal, som arbeider i 100% stilling, har si avskilsgudsteneste søndag 13. mars. Sokneprest Hallvard N. Jørgensen, som arbeider i 50% stilling, har informert biskop og stab om at han held fram som prest i Kviteseid fram til sumaren 2016. Ny prestestilling for Kviteseid blir

utlyst fyrste veka mars, og ein vonar på tilsetjing av ny prest i løpet av mai, med tiltreding i august. I skrivande stund er det vidare lagt fram forslag til bispedømerådet i Agder og Telemark om kutt av 50% prestestilling i Kviteseid kommune. Meir informasjon om alle desse tinga vil kome etter kvart, mellom anna i neste nummer av kyrkjebladet.

## Program for 100-årsjubileum for kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund

### Tor. 16.06.

kl. 19.00 Konsert i Kviteseid kyrkje med Gunstein Draugedalen, Trond Akerø-Kleven og Olav Mosdøl.

### Fre. 17.06.

kl. 19.00 Kåseri i Kviteseid kyrkje med Sylfest Lomheim: «Bibelspråket frå 1900 til i dag. Eit oversyn.» Song ved «Ågapet».

### Lau. 18.06.

kl. 12.00 Jubileumsmesse i Fjågesund kyrkje. Fest kl. 14 i Fjågesund grendehus.

Beverting. Helsingar. Song og musikk. Høve til å ta «Henrik Ibsen» til Fjågesund, frå Spjotsodd kl. 10.15. Spesialpris.

### Sun. 19.06.

kl. 11.00 Jubileumsmesse i Kviteseid kyrkje. Fest kl. 13.30 på Sundvang kulturhus.

Beverting. Presentasjon av ny kyrkjebok. Helsingar. Song og musikk.

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**Kviteseidgata 13**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## MARS

- Ons. 9.** Taizégudsteneste  
Kviteseid kl. 19.30. Torstein Nordal.
- Sun. 13.** Maria bodskapsdag Luk 1,39-45  
Kviteseid kl.11. Familiegudsteneste i samband med fellesmøtene. Avskilsgudsteneste med Torstein Nordal. Asgeir Sele. Barnegospel. Nattverd med bønnevandring. Oftr. Malawi Friends. Avskilfest på Misjonshuset etter gudstenesta.

- Tors. 24.** Skjærtorsdag Joh 13,1-17  
Kviteseid kl.11. Hallvard Jørgensen. Dåp. Oftr. Blå Kors.  
Vrådal kl.19. Hallvard Jørgensen.  
Bedehus Oftr. Kvitsund Gymnas.

- Fre. 25.** Langfredag Mark 14,26-15,37  
Brunkeberg kl.11. Oftr. Strømmestiftelsen.  
Fjågesund kl.19. Oftr. Rachel Trovis arbeid.

- Sun. 27.** Påskedag Joh 20,1-10  
Kviteseid kl.11. Hallvard Jørgensen. Kyrkjekoret. Oftr. MF  
Vrådal kl.11. Oftr. Det norske Misjonsselskap.

- Mån. 28.** 2. påskedag Joh 20,1-10  
Vesterdal Kl.12. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

## APRIL

- Sun. 3.** 2. s. i påsketida 1 Pet 1,3-9  
Kviteseid kl.17. Diakonisasmling for Vest-Telemark. Eilev Erikstein. Kvitsundkoret. Oftr. Dei fire diakoniinstitusjonane. Kyrkjekaffi på Misjonshuset.

- Sun. 10.** 3. s. i påsketida Mark 6,30-44  
Vrådal kl.11. Kyrkjekoret.  
Oftr. Menighetsfakultetet.

- Sun. 17.** 4. s. i påsketida Joh 14,1-11  
Kviteseid kl.11. Hallvard Jørgensen.  
Oftr. Normisjon.

- Sun. 24.** 5. s. i påsketida Joh 17,6-11  
Brunkeberg kl.11. Familiegudsteneste. Unge Røyster. Oftr. KRIK. Kyrkjekaffi.

## MAI

- Sun. 1.** 1. mai (6.s. i påsketida) Matt 20,25-28  
Kviteseid kl.11. Samtalegudsteneste med konfirmantane. Oftr. Sjømannskyrkja.

- Tors. 5.** Kristi Himmelfartsdag Joh 17,1-5  
Kviteseid kl.11. Godhetsgudsteneste.  
Brygge Godhetsveka.

- Sun. 8.** Sondag før pinse Joh 16,12-15  
Kviteseid kl.11. Sondagsskule.  
Oftr. Norsk søndagsskuleforbund.

- Sun. 15.** Pinedag Joh 14,23-29  
Kviteseid kl.11. Konfirmasjon. Oftr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid  
Vrådal kl.11. Konfirmasjon.  
Oftr. Kirkens Nødhjelp

- Tys. 17.** 17.mai Luk 17,11-19  
Kviteseid kl. 11. Barnegospel.  
Oftr. Kirkens SOS Telemark.  
Vrådal kl. 11. Oftr. Kirkens SOS Telemark.  
Fjågesund kl. 12.30. Oftr. Kirkens SOS Telemark.  
Brunkeberg kl. 13.45. Oftr. Kirkens SOS Telemark.

(fort. på s. 14)